

Fra: Jostein Saghaug[jostein.saghaug@kvinnherad.kommune.no]

Sendt: 08.12.2021 21:38:28

Til: Hilde Enstad;Post[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no];post@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Post Grenda[post@grenda.no];Redaksjon Kvinnheringen[redaksjon@kvinnheringen.no];

Tittel: Spørsmål til ordføreren - kommunestyremøte 18.12.21.

Arbeidarpartiet - høge straumprisar og vindkraft på land

Statsminister Støre vart i spørjetimen på stortinget den 08.12. hardt pressa på tiltak for å hjelpe «vanlege folk» med straumrekninga. Ved fleire høve opplyste han at ei av løysingane på energikrisa, er å byggja ut vindkraft på land.

Vi i MDG trur ikkje at straumprisane vi har i år er eit eingongstilfelle. Vi trur at straumprisane vil bli høge over tid, men at ein i kortare periodar òg vil kunna ha normale straumprisar. Årsaka til vedvarande høge straumprisar er at det er mangel på rein energi no når vi er i det grønne skiftet.

NTNU har vore tydelege på at det er svært mykje energi å spara i bygg. Energiforbruket kan halverast. Dette vil gi eit mindreforbruk på 39 TWh på landsbasis. Ei slik energieffektivisering vil gjera utbygging av vindkraft på land unødvendig.

MDG var med i prosessen for å få på plass eit godt kommunebudsjett i Kvinnherad. Ein av dei viktigaste sakene våre var energieffektivisering. Arbeiderpartiet ville ikkje støtta klare og tydelege energieffektiviserande tiltak. Det vart i staden vedteke eit tafatt budsjett, med merkelege prioriteringar.

MDG har eit tydeleg mål om å redusera kommunen sitt straumforbruk monaleg fram til 2030.

Spørsmål til ordføreren - eg ber om klare og tydelege svar:

- Kva tenkjer ordføreren om arbeidarpartiet sine uttalar om utbygging av vindkraft på land?
- Vil ordføreren prioritera energieffektivisering i bygg i Kvinnherad framfor utbygging av vindkraft på land?
- Kva konkrete grep vil ordføreren gjera for redusera kommunen sitt straumforbruk i 2022, og kor mykje mindre straumforbruk vil dette føra til?
- Kan ordføreren vera villig til å gå i dialog med MDG for å få på plass gode og målretta energieffektiviserande tiltak både for kommunale bygg og for «vanlege folk»?

Miljøpartiet Dei Grøne
Jostein Saghaug